

Knut Morten Ånensen  
MOLVIKAVEGEN 455  
5993 Ostereidet

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/71 - 22/23527

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
22.03.2022

## **Krav om samanslåing av naustetomt gbnr 227/46 med 227/7- Molvik**

Syner til vilkår i løyve til frådeling av naustetomt frå gbnr 227/2.

I delingsløyvet er det sett vilkår om at naustetomta skal slåast saman med din eigedom gbnr 227/7. Det vart fylt ut skjema for krav om samanslåing på oppmålingsforretninga. Som avtalt fekk eg melding frå deg når naustetomta var skøytt over. Dette for at samanslåinga då kunne gjennomførast.

Ved forsøk på samanslåing av dei to eigedomane i dag oppdagar eg at naustetomta er tinglyst på deg saman med Bodil Margrete Ånensen. Medan houvdeigedomen, gbnr 227/7, har berre deg som tinglyst eigar.

For å slå saman to eigedomar er det vilkår i matrikkellova om at eigedomane må ha same heimelshavar (eigar). Det let seg derfor ikkje gjøre å slå saman eigedomane før dette vilkåret er stetta. Det kan gjerast anten ved at Bodil skøyter sin ideelle halvpart av naustetomta over på deg. Eller at du skøyter ein ideell halvpart av gbnr 227/7 over på henne. Om siste alternativ vert valgt må det fyllast ut nytt skjema for krav om samanslåing.

Ber om å få melding når heimelstihilhøva er ordna.

Skulle det vera nokon spørsmål er det berre å ta kontakt med underteikna.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Knut Morten Ånensen

MOLVIKAVEGEN 455

5993

Ostereidet